



Miljøløftet

NOTAT

Til: Miljøløftets styringsgruppe
Fra: Vestland fylkeskommune
Kopi:

Vedlegg 3

Saksbehandler/telefon:
Torill Klinker / 90899261
Vår dato: 14.09.2022

Sak 52/22 Bybanen BT4 - Overskriding i høve styringsramma

Bakgrunn

Fylkesdirektøren er gjort kjend med ei kostnadsutvikling på bybaneprojektet, i samband med at styringsgruppa for Bybanen BT4 har handsama saka onsdag 17. august. Fylkesdirektøren informerte styringsgruppa og Bergen kommune same dag. Overskridinga er på om lag 1 mrd. kroner og omfattar både sjølve Bybaneprojektet og sykkelstamvegen. Vedlagt finn de kunnskapsgrunnlag og politisk sak som har vore til handsaming i hovudutval for samferdsle og mobilitet 31.08.2022 og fylkesutvalet 06.09.2022.

Fylgjande innstilling går vidare til fylkestinget:

- Fylkestinget tek informasjon om overskriding av styringsramma (P50) for Bybanen til Fyllingsdalen til vitande, og ber styringsgruppa i Miljøløftet om å justere budsjettet i tråd med overskridinga.*
- Fylkestinget legg til grunn at overskridinga vert dekkja innanfor gjeldande finansiering i Miljøløftet, og ber fylkesdirektør komme tilbake til fylkesutvalet med forslag til korleis dette vert løyst. Sak til fylkesutvalet skal fremjast før styringsgruppa i Miljøløftet vedtar saka.*
- Fylkestinget meiner overskridinga er alvorleg, og ber om at fylkesdirektøren sikrar sterk risiko- og økonomistyring for avslutninga av byggetrinnet.*
- Fylkestinget ønskjer å ta lærdom av utviklinga i byggetrinn 4 fram mot byggetrinn 5 til Åsane, og ber om at dei aktuelle partane gjennomfører ei ekstern evaluering, med vekt på forslag til tiltak for vidare arbeid. Viktige tema vil vere kompleksitet i løysingar, organisering, grensesnitt og rolledeling for delprosjekt med ulik finansiering, og økonomi/risikostyring.*

Tilråding

Fylkesdirektøren tilrår at overskridinga vert dekkja innanfor gjeldande finansiering i Miljøløftet. VLFK kjem tilbake i eit seinare møte med ei sak som viser sluttprognose og avvik fordelt etter finansieringskjelder. Då kan styringsgruppa og aktuelle partar ta stilling til korleis overskridinga skal bli handtert.

Forslag til vedtak

Miljøløftets styringsgruppe tek saka til orientering. VLFK kjem tilbake med sak som viser sluttprognose og avvik fordelt etter finansieringskjelder.